

La Naturen Leve

Referat frå årsmøte 2022

Stad/tid: Bergen, 21. april 2022

Til stades: Det var lagt opp til å kunne delta på årsmøte via Teams.

- 6 av styret deltok fysisk
- 1 medlem deltok på Teams

Til saman 7 medlemmar med røysterett deltok på årsmøte.

Styreleiar Marino J. Ask, innleia årsmøte.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknad.

Sak 2 Gjennomføring av møte

- Årsmøte vart leia av styret sin leiar, Marino J. Ask, i tråd med vedtektene
- Til referent vart vald styremedlem Svein Arne Skuggen Hoff

Sak 3 Årsmelding for 2021

Styreleiar gjekk gjennom årsmeldinga for 2021.

Det kom innspel på at seinare årsmeldingar har med eit eige avsnitt om arbeidet i inneverande år, for å få med organisasjonen sitt arbeid fram mot årsmøte.

Det kom innspel på at det manglar konkret informasjon om høyringar, avisinnlegg og andre konkrete aktivitetar i årsmeldinga.

Vedtak:

Seinare årsmeldingar skal ha eit eige avsnitt om aktivitet i inneverande år, fram mot årsmøte.

Listene i årsmeldinga vert oppdatert med konkrete aktivitetar etter innspel frå styremedlemene.

Årsmeldinga 2021 vart godkjent med desse merknadane.

Sak 4 Rekneskap 2021 og budsjett 2022

Rekneskapan for 2021 vart gått gjennom av leiar, med utdjupande merknadar frå styremedlem Inger Leirvåg.

Framlegg til budsjett 2022 vart lagt fram av styremedlem Inger Leirvåg.

Vedtak:

Rekneskapan for 2021 vart godkjent utan merknad.

Budsjettframlegget vart godkjent som grunnlag for styret sitt arbeid i 2022.

Sak 5. Innkomne framlegg

Det har ikkje kome inn framlegg om saker til handsaming.

Sak 6. Val

a) Val av styremedlemar

To styremeldemar var på val. Inger Leirvåg og Svein Arne Skuggen Hoff. Ingen av desse tek attval.

Det kom ikkje fram konkrete framlegg til nye medlemar til styret i møte.

Vedtak:

Årsmøte gav styret fullmakt til å nemne opp inntil to styremedlemar i løpet av året.

b) Val av styreleiar

Styreleiar er ikkje på val før i 2023.

c) Val av revisor

Organisasjonen har ikkje revisor.

Etter årsmøte 2021 er fylgjande medlemar av La Naturen Leve sitt styre:

Marino J. Ask, styreleiar

Christina Fjeldavli, styremedlem

Olav Hjeljord, styremedlem

Gudmund Sundlisæter, styremedlem

Tor Punsvik, styremedlem.

Sak 7 Orienteringar / drøftingar

a) Etter avslutning av det formelle årsmøte, vart det gitt følgjande merknadar:

- Styret sender eit oppfølgingsbrev til innleiarane på konferansen, for å bygge vidare på nettverket som er etablert.
- Styret ber om å få tilgang til føredrag til innleiarane, som eit supplement til PP presentasjonane.

b) Det vart gitt følgjande orientering:

- Tor Punsvik orienterte om arbeidet i PAN.

Svein Arne Skuggen Hoff

Skrivar